



Meland kommune

Morten Røstad

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/107 - 18/3406

Saksbehandlar:  
Randi Helene Hilland  
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:  
20.02.2018

## Utviding av disposisjonsrett gnr/bnr 27/191 Moldekleiv for Austebygda Fritidspark

Vedlagt følger vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland  
konsulent

Andre mottakarar:  
Morten Røstad

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - L74, FA - D39, FA - C11	18/107

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
09/2018	Utval for levekår	PS	30.01.2018
07/2018	Kommunestyret	PS	14.02.2018

## Utviding av disposisjonsrett gnr/bnr 27/191 Moldekleiv for Austebygda Fritidspark

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Austebygda Fritidspark søker om utviding av disposisjonsrett for nye 20 år på gnr/bnr 27/191 på Moldekleiv, like sør for Grasdal skule. Matrikkeleininga er i kommunalt eige og vart oppretta i 2005 i samband med etablering av ballbinge, anleggsnummer 52265. Søknaden står i samanheng med søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av BMX-bane/nærmiljøanlegg. Slik godkjenning er kravd i forkant av tiltaket for å kunne søkje om spelemidlar i ettertid. For å kunne kvalifisere for spelemidlar må søkjar ha bruks- eller disposisjonsrett på grunn i 20 år, og sidan dagens rett vart gitt i samband med spelemiddelsøknaden i 2005, må han fornyast.

#### Vurdering

Austebygda Fritidspark (søkjar) har drifta ballbinga sidan 2006 på frivillig basis, med inntekter mellom anna gjennom kontingent frå husstandar i nærmiljøet. Ballbingen er godt vedlikehaldt og står saman med andre opparbeida område aust på arealet. Søkjar har lenge hatt ønskje om å etablere ein BMX-bane i området, og arealet sørvest for ballbingen har i arealdelen av kommuneplanen formål til idrett, etter innspel frå søkjar. I denne omgang ønskjer søkjar å etablere ein mindre bane på det arealet dei allereie disponerer, eit tiltak som er festa i *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019* (idrettsplanen), og er i tråd med gjeldande reguleringsplan samt hovudmåla for eigenorganisert aktivitet i idrettsplanen.

#### Folkehelse

Tiltaket legg opp til ei styrking av eigenorganisert aktivitet i nærleiken av Grasdal skule. Denne typen aktivitet er ei viktig satsing i idrettsplanen, definert som «...aktivitetar organisert av den einskilde for sosial samling, rekreasjon, mosjon og trening». Høva til å drive eigenorganiserte aktivitetar er viktig for ungdom, som ofte går ut av den organiserte idretten ved overgangen frå barndommen, med redusert aktivitetsmengde som resultat. Etablering av BMX-bane vil vere svært positivt for folkehelsa

til barn og unge i Grasdalkrinsen, som ikkje har gang- og sykkelveg til kultur- og idrettstilbod i Frekhaugområdet, og som treng gode sosiale og spontane møteplassar i nærområdet sitt.

#### **Miljø**

Tiltaket vil måtte oppfylle gjeldande krav, og rette seg etter føresetnadane i idrettsplanen, kap. 2.3.

#### **Økonomi**

Tiltaket skal gjennomførast av søkjar for spelemidlar og innvilga tilskot frå Gjensidigestiftinga. Søkjar har eigenkapital til å mellomfinansiere spelemiddelen av finansieringsplanen. Utviding av lysanlegget må vurderast nærmare i samband med driftsbudsjettet, samt eventuelle spelemidlar til lys/nærmiljøanlegg.

#### **Konklusjon**

Austebygda Fritidspark bør få utvida disposisjonsretten med nye 20 år.

#### **Framlegg til vedtak:**

Austebygda Fritidspark får disposisjonsrett på gnr/bnr 27/191 for ein tidsperiode på 20 år.  
Disposisjonsretten er knytt til formålet om etablering og drift av nærmiljøanlegg.

#### **Utval for levekår - 09/2018**

##### **ULK - behandling:**

##### **ULK – samrøystes framlegg til vedtak:**

Austebygda Fritidspark får disposisjonsrett på gnr/bnr 27/191 for ein tidsperiode på 20 år.  
Disposisjonsretten er knytt til formålet om etablering og drift av nærmiljøanlegg.

#### **Kommunestyret - 07/2018**

##### **KS - behandling:**

##### **KS - samrøystes vedtak:**

Austebygda Fritidspark får disposisjonsrett på gnr/bnr 27/191 for ein tidsperiode på 20 år.  
Disposisjonsretten er knytt til formålet om etablering og drift av nærmiljøanlegg.